



Konrad Emil Io
Ievegen 141
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/211 - 15/2109

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
04.02.2015

Avvising og retur av ikkje godkjent søknad om bygging av veg og grøft på gbnr 43/78 i Meland kommune

Bakgrunn

Det vert vist til søknad motteke 19.01.2015 om løyve til bygging av veg og grøft på gbnr 43/78 på Ryland i Meland kommune

Administrasjonen har gått gjennom Dykkar søknad og finn den mangelfull. Slik søknaden ligg føre har ikkje kommuneadministrasjonen tilstrekkeleg med opplysningar for å kunne behandle søknaden.

Vurdering

Før administrasjonen kan behandle ein søknad om byggjeløyve må søknaden innehalde dei opplysningar og den dokumentasjon som er naudsynt for at administrasjonen skal kunne godkjenne tiltaket, jf. Pbl. § 21-2 og Saksbehandlingsforskriften (SAK 10) § 5-4 («fullstendig søknad»).

Føreliggjande søknad inneheld manglar at administrasjonen finn grunn til å avvise søknaden. Før administrasjonen kan behandle søknaden må følgjande sendast inn:

- Ut i frå innsendt dokumentasjon ser administrasjonen at tiltaket er omfatta av Plan- og bygningslova § 20-1 og søknaden må framleggast av eit firma godkjent for ansvarleg søkjar funksjonen (SØK).
- Søknadskjema for sjølve tiltaket etter Plan- og bygningslova § 20-1 er ikkje innsendt, og må sendast kommunen av eit ansvarleg føretak.
- Terrengprofilar av tiltaket som viser skjæring/fylling og grøft.
- Det er opplyst i innsendt dokumentasjon at utførande (UTF) på tiltaket skal vera Kjartan Aarhus. Det må sendast inn søknad om ansvarsrett for foretaket på eige skjema.

- I område Ryland er det plankrav for alle nye tiltak. Tiltaket er avhengig av dispensasjon frå plankravet for å kunne utførast. Dispensasjonssøknaden må vera grunngjeven.

Ved ein dispensasjon må det mellom anna vurderast om tiltaket legg ugheldige føringar for framtidige planlegging av området.

Føreliggjande søknad vert på denne bakgrunn returnert. Før tiltaket kan godkjennast må det sendast inn ny søknad frå eit ansvarleg føretak i samsvar med krava til innhald i pbl. § 21-2 og SAK 10 § 5-4.

Vedtak

«Meland kommune avviser i medhald av Plan- og bygningslova §§ 20-1 og 21-2 søknad mottatt 19.01.2015 om løyve til bygging av veg og grøft på gbnr 43/78 på Ryland i Meland kommune. Av grunngjevinga for vedtaket vert det vist til vurderinga over.

Søknaden vert på denne bakgrunn arkivert og saka er avslutta».

Saka er avgjort administrativt i samsvar med delegert mynde.

Med heimel i Gebyrregulativ (2015) pkt. 4.7 og 10.2.11 vert gebyr for kommunen si handsaming ettersendt, jf. Pbl. § 33-1.

Vedtaket kan påklagast i samsvar med vedlagte rettleiing, jf. Fvl. § 28 flg. Om åtgangen til klage over fastsett handsamingsgebyr vert det vist til Gebyrregulativ (2015) pkt. 4.13.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til bygging av veg og grøft

Vedlegg - Nabovarsel

Vedlegg - kart

Vedlegg - stadfesting om rettar på annan eigar sin grunn

FAKTURAVEDLEGG 2014